

Nokre merknader til det prosodiske hierarkiet


Jardar Eggesbø Abrahamsen

Oppgave i LING4, vidaregåande fonologi
Universitetet i Trondheim
Våren 1996

1. Drøfting av hierarkiet

1.1. Innleiande om det prosodiske hierarkiet

Sentralt i den fonologiske struktureringa av norske intonasjonelle mønster er det prosodiske hierarkiet, utforma av Selkirk (t.d. 1981, 1984, 1990), med mange variasjonar (t.d. Nespor og Vogel 1982, 1986; Hayes 1989a), men då med eit metrisk utgangspunkt. Thorstein Fretheim har tilpassa modellen til norske tonale tilhøve, og i Nilsen (1992) vert han presentert som i (1).



Øvst har me intonasjonsytringa (IU), som kan vera oppbygd av opptil to intonasjonsfrasar (IP). Kvar IP er vidare bygd opp av éin eller fleire tonale føter (F), der den siste er fokalt aksentuert og fungerer som hovud i IP-en. I foten er det prosodiske ordet (ω) hovudet. Dette kjem fyrst i foten, og svarar til den stavinga som realiserer tonelag og resten av ordforma. Foten vert avgrensa mot høgre av ein fraseaksent (H i lågtonedialektar og L i høgtonedialektar). Stavingane (σ) er det lægste nivået som er teke med i denne oppstillinga; ein kunne òg ha teke med moranivået. Stavingar som kjem etter den ordaksentuerte ordforma men før slutten på foten, er direkte dominerte av fotnoden.

Abrahamsen (1995:3f) viser at for sunnmørsk sin del er nivået *prosodisk ord* ikkje naudsynt i den fonologiske analysen. Kristoffersen (1995:93) innvender mot det prosodiske ordet at det «dypest sett konstitueres morfologisk, [...] selv om det i utgangspunktet vil kunne være en *del* av et morfologisk ord, nemlig i de tilfeller der vi ikke har initialtrykk.» Ein kan òg innvenda at det prosodiske ordet berre har som oppgåve å avgjera val av tonelag, og dessutan å projisera fokus inn i syntaksen.


I det fylgjande vil eg setja eit meir kritisk ljøs på det prosodiske hierarkiet generelt. Under drøftinga vil eg i prinsippet halda meg unna det prosodiske ordet. Eg vil undervegs sjå på ordaksenten (tonelaget) som hovudet i foten.

1.2. Eit overmodig framlegg til nytt hierarki


Nilsen (1992:25) skriv at dei «ulike nivåene i det prosodiske hierarkiet er ene og alene definerte ut fra de *tonale* særtrekk som karakteriserer deres domener». I Nilsen (1995:113) presiserer ho at dette ikkje gjeld stavingsnivået, sidan stavingane er «et skjelett som toner assosieres til under visse betingelser». Foten vert omtala som «aksentenhet» (1992:26, 28).

Med ei oppstilling som (1) vil ein ved fyrste blick ikkje få fram dette. Ei staving er ein streng av segment, ei gruppering av posisjonar på skjelettnivået i den autosegmentale representasjonen. Dersom F er sett saman av stavingar, vil F òg verta ein streng av segment, sameleis IP og IU. Med andre ord vil dei *prosodiske* konstituentane F, IP og IU verta *segmentale* einingar, jamvel om ein ynskte å definera F, IP og IU etter reint tonale kriterium. Slik ser det òg ut i oppstillinga i (2), som er ein noko forenkla versjon av ei tilsvarande oppstilling i Nilsen (1992:66), som igjen byggjer på Pierrehumbert og Beckman (1988:22). Dei krumme linene syner kva node som dominerer tonane, dei beine linene syner tilordninga av tonar til stavingane. Hadde eg teke med det prosodiske ordet her, ville dei krumme linene til venstre i føtene ha gått opp til ω og ikkje til F. (2) er ein representasjon av ei sunnmørsk ytring, der fot nr. 1, 2 og 4 har tonem 1, nr. 3 har tonem 2.

(2)




Foten er etter Nilsen tonalt definert, men det viser seg at den tradisjonelle hierarkiske nivåordninga lèt strukturen sjå ut som eit segmentalt hierarki, og ikkje eit prosodisk. Det ville difor vera freistande å omstrukturera hierarkiet, som i (3), der T tyder ‘tone’. Merk at eg har kutta ut ω . Hadde det vore med, ville det ha vorte plassert utanfor hierarkiet, mellom σ og syntaksen, altså under stavinga. Dette fordi ω er ein morfologisk og segmental storleik.



Det vil vera to tonale einingar i kvar fot, ordtone (tonem 1 eller tonem 2) og frasetone (i sunnmørsk alltid L), og stavingsnivået er ikkje lenger med i hierarkiet. Stavingane vil få tildelt tonar frå hierarkiet. Altså: Medan hierarkiet i (1) er ei gruppering av stavingar, der stavingane får tildelt tonar utanfrå, så er hierarkiet i (3) ei gruppering av tonar som assosierer seg til stavingar. Etter (1) er det F som får tildelt dei to aksentane, etter (3) er det F som genererer aksentane. Hierarkiet i (3) vert då eit *prosodisk* hierarki, tilsynelatande i motsetnad til hierarkiet i (1). Nivåa F, IP og IU er ei abstrahering av forholda mellom tonane, ei abstrahering som ikkje berre kjem til uttrykk i ord- og fraseaksent, men òg i andre fonologisk avhengige eigenskapar, som at foten lengst til høgre i ein IP har ein viss kontur (fokal).

Etter denne nye struktureringa vil (2) sjå ut som i (4).



Her seier deg seg sjølv at t.d. fraseaksenten L er dominert av F-noden, ein treng ikkje doble assosiasjonsliner som i (2).

Hierarkiet i (3) og (4) er altså eit tonegenereringshierarki. I austnorsk ville me få dei motsette tonane (H for L og motsett), men samstundes ville den andre stavinga i fyrste foten vera tonalt fri. Dette skaper ikkje vanskar for det nye hierarkiet. Det er berre å seia at den tonalt frie stavinga får ein fonetisk stigande kontur som eit reint transisjonsfenomen, fordi ho hamnar mellom ein L og ein H. Slik er det òg. At F vert avgrensa av ordaksenten til venstre og

fraseaksenten til høgre, er sjølve definisjonen på foten.

Grunnen til at dei ulike tonane assosierer seg til visse stavingar i ei gjeven ytring (men til andre i ei anna ytring som er segmentalt identisk), vil som alltid vera eit pragmatisk spørsmål, i tillegg til eit leksikalsk og morfologisk, i spørsmålet om kva stavingar i ei ordform som kan få ordaksent. Om me gjorde dette til eit spørsmål for fonologien, måtte me samstundes gjera det til eit spørsmål for fonologien kvifor det og det ordet har dei og dei morfologiske eigenskapane (ettersom ulike bøyingsaffiks er ulike også reint lydleg!). Slikt gjer me sjølvsagt ikkje.

1.3. Attende til det gamle

Det nye hierarkiet *produserer* tonar, men kva stavingar tonane knyter seg til, er mykje eit pragmatisk spørsmål. Dette kan også seiast på ein annan måte: Det er eit pragmatisk spørsmål kvar det syntaktiske/segmentale *domenet til F* strekkjer seg.

Domenet til F er fonologisk kjenneteikna ved dei to aksentrealiseringane, og at desse etter definisjonen av F ikkje spreier seg utom F. Innom F kan dei derimot boltra seg på ulikt vis, alt etter dialekten. Eg har alt nemnt at fraseaksenten vil assosiera seg berre til siste stavinga i F i austnorsk, medan han i sunnmørsk vil spreia seg til alle stavingar i F som kjem etter ordaksenten, i visse tilfelle vil han jamvel knyta seg til same stavinga som den ordaksentuelle H, og skapa ein konturtone der. Det er òg skilnad på ordaksentrealiseringa. I austnorsk kan ein gjerne få HL i tonem 2 realisert på éi og same staving; i sunnmørsk vil ein i føter på tre eller fleire stavingar alltid få LH i tonem 2 realisert på to ulike stavingar.


Ein skilnad her mellom det nye og det gamle hierarkiet er at i det nye vil F vera tonalt konstituert, medan han i det gamle er assosiativt konstituert: F vart avgrensa av *assosiasjonslinene mellom stavingane og tonane*, ikkje av tonane i seg sjølve.

I det nye hierarkiet vil ein då ikkje kunna «forklára» ut ifrå F «kvifor» foteksterne stavingar er tonalt frie. Dette kunne ein i det gamle, ettersom F der var ein pragmatisk fundert domenekonstituent. I det nye vil det seia seg sjølv at foteksterne stavingar er tonalt frie, fordi det er F som genererer tonane; og dei stavingane som ikkje får tone, dvs. dei stavingane som ikkje høyrer til foten, dei *får* ikkje nokon fonologisk tone. Det vert ein tautologi.

Men nettopp her er det vanskane kjem. Borthen (1995) viser, rett nok med pragmatisk¹ analysereiskapar, at foteksterne stavingar mellom to IP-ar oppfører seg ulikt i austnorsk, alt etter om dei høyrer til i slutten av den fyrste eller i byrjinga av den andre IP-en. Det er truleg liknande forhold som avgjer tonemønsteret til sunnmørske foteksterne stavingar (sjå Abrahamsen 1995, som ikkje analyserer skilnadene). Medan tonemønsteret til ei tonalt fri fotintern staving kan predikerast ut ifrå det fonologiske regelsettet for ein gjeven dialekt, så må ei tonalt fri fotekstern staving verta dominert av anten den eine eller den andre IP-noden, og det er *ikkje* fritt val. Me kan då få ein figur som i (5).

¹Det skulle ikkje vera noko i vegen for å støtta seg til pragmatikk, så lenge det er godt vist i norsk og utanlandsk litteratur at pragmatiske og fonologiske forhold går hand i hand.

(5)



Det som skjer i (5), er at den (etter postulatet) tonalt frie stavinga vert knytt til den fyrste IP-noden. Det er tonale forhold som gjer det naudsynt å taka med denne domineringa i den hierarkiske representasjonen. For austnorsk sin del kunne den andre stavinga i fyrste foten då knytast direkte til F-noden, sidan ho er tonalt fri.

Det kan sjå noko suspekt ut å lata abstraherte konstituentar som F og IP dominera stavingar, når denne konstituentkonstellasjonen gjev seg ut for å vera eit tonegenererings- eller tonegrupperingshierarki. Sjølv sagt kan me forsvare det med at denne assosieringa er av det same slaget som i (6), der /b/ i det norske ordet /bi:l/ er knytt direkte til stavingsnivået utan å vera innom nokon mora på vegen, jf. analysen i Hayes (1989b).

(6)



Parallellen er likevel ikkje heldig. Templatet i (6) er reint segmentalt, dvs. at stavingsanalysen er ei funksjonell gruppering av summen av autosegment på skjelettplanet i den fonologiske representasjonen (les: segment-overflatestrukturen). Der held me oss på eitt fonologisk nivå gjennom heile templatet. I (5) er det ikkje slik. Representasjonen over den vassbeine streken i (5) skulle etter (3), (4) og drøftingane mine vera eit reint tonalt templat, men me har vorte tvunga til å sleppa inn ei segmental eining (σ) med ei assosiasjonsline opp til ein konstituent som ikkje lèt seg assosiera til noko som helst. IP lèt seg ikkje assosiera til noko rett og slett fordi det er *tonar* som lèt seg assosiera, ikkje nodar. Samstundes er det likevel klårt at den vanskelege stavinga er dominert direkte av denne noden.


Representasjonen i (5) er då eit templat, eit oppsett av konfigurasjonelle posisjonar. (5) er ikkje noko tonegenereringshierarki, men eit domenehierarki, der det er dominansforholda

mellom nodane som står sentralt, og ikkje tonegenereringa.

Det er trong for alle dei ikkje-finale nodane i (5) som fonologiske domenekonstituentar, uavhengig av den pragmatiske basisen som eg hevda sist i 1.2. Fonologiske eigenskapar som deklinasjon høyrer IP-nivået til, fokale konturar finn me på F-nivå, medan ein ny IU alltid vil nullstilla dei tonale konsekvensane av IP-konfigurasjonen, t.d. vil eit deklinasjonsområde i austnorsk verta avslutta når ein ny IU byrjar. Jamvel stavingsnivået er naudsynt som domene, sidan stavinga er toneberande, og tonemønsteret kan vera avhengig av kor mange *stavingar* som finst i foten (Abrahamsen 1995:3f).

Eg vil då ikkje lenger definera foten som *konstituert* av tonar, eg tek tonane ut or hierarkiet igjen, og er tilbake akkurat der eg byrja, nemleg oppsettet i (1). (5) vil sjå ut som i (7), framleis utan ω , men det kan ein setja inn som før nemnt.

(7)



Éin skilnad er det likevel: Eg har presisert at det prosodiske hierarkiet er eit domenehierarki, ikkje eit prosodisk templat, og eg har slege fast at F ikkje er «samansett» av stavingar, og at IP ikkje er «samansett» av føter. Undervegs har eg vist korleis det kan gå dersom ein freistar å gjera tonale domene om til eit tonalt templat, slik eg prøvde meg på.

Når me i kap. 2 skal sjå at IP-dominerte stavingar kanskje ikkje er tonalt frie likevel, så rokkar dette likevel ikkje ved hovudinnvendinga mot det «nye» hierarkiet: at IP (og sameleis F og IU) ikkje lèt seg assosiera til noko som helst, det er tonar som lèt seg assosiera. Dessutan vil eg i kap. 2 argumentera for at IP-dominert tonalitet varierer avhengig av om det er snakk om IP-initial eller IP-final posisjon, og då er problemet med plasseringa av foteksterne stavingar i det «nye» hierarkiet framleis like gyldig, og det «gamle» hierarkiet i (7) er framleis den beste løysinga.

2. Døme på hierarakiet i bruk

2.1. Plassering av foteksterne stavingar

I Abrahamsen (1995:14f) vert det gjort greie for foteksterne stavingar i sunnmørsk, i praksis er det snakk om stavingar *mellom* to føter, spesielt etter ein fokal fot, altså ytringsinternt, ikkje ytringsinitialt eller ytringsfinalt. Det kjem fram at slike stavingar kan ha ein høg eller ein stigande tone, men det vert ikkje gjort freistnad på å analysera denne skilnaden.

Borthen (1995) rapporterer om høge mot fallande foteksterne stavingar i austlandsk, og registrerer (ibid.:14): «Dersom det eksisterer forskjeller i fortolkningen av ytringer der 1) foteksterne stavelser er plassert på en jevnt høy tone og der 2) de tegner en jevnt dalende kontur, så skulle det [...] være god nok grunn til å opprettholde en distinksjon i fonologisk representasjon mellom disse tilfellene.»

Som konklusjon vel ho å transkribera dei høge foteksterne stavingane som IP-finale, og dei fallande som IP-initiale, eventuelt kan ein operera med IP-eksterne stavingar. Slik tenkjer ho seg (ibid.:18–19) at dei høge foteksterne stavingane er like høge som den fokale fraseaksenten som eit resultat av spreining til venstre frå ein autonom H fokustone. Eit alternativ (ibid.:14) er å sjå på alle foteksterne stavingar som anten IU-dominerte eller IP-initiale, men då alltid tonalt frie.

Slik kan det ikkje vera i sunnmørsk. Der er det nemleg ikkje nokon høg fraseaksent, jamvel om sunnmørsk har høge foteksterne stavingar, i tillegg til stigande. Ein kunne då i staden tenkja seg ein default-tone (jf. Pulleyblank 1983; Pierrehumbert og Beckman 1988:52) som vart tilskriven tonalt frie stavingar. Spørsmålet vert då kvifor det finst stigande tonar (i austnorsk fallande), som så absolutt liknar mest av alt på fonetisk transisjon. Ved assosiering av ein gjeven tone til alle frie stavingar skulle me ikkje få slike langstrekte stigingar eller fall.

Det at det skjer ei endring i tonen, anten tonen hoppar frå ein låg fraseaksent i sunnmørsk og opp på ein høg tone, eller om stavingane vert gradvis høgare, ei slik endring må ha ei tonal årsak. Me kan då ha som hypotese at det finst ein tone H einkvan staden utanfor foten. Det kan ikkje vera snakk om ein tone H inne i neste fot som spreier seg mot venstre, for me kan ha stiging og jamn høg tone same kva tonem neste fot byrjar med.

Vidare vil denne H ikkje vera den same under jamn høg tone som under stiging. Ein kunne sjølvsagt tenkja seg at det *var* den same tonen, men med dei foteksterne stavingane plasserte ulikt i det prosodiske hierarkiet. Problemet er då austnorsk, som har ein jamn høg eller ein *fallande* tone.

Me kan sjølvsagt ikkje sjå bort ifrå at austnorsk og sunnmørsk faktisk kan ha ulike strukturar, men eg vil gjera det så enkelt her at eg postulerer ein sams struktur.

Fretheim (1990) og Borthen (1995) brukar pragmatiske kriterium for å avgjera kva IP dei foteksterne stavingane soknar til. Fretheim nytta ytringa ((du kan (¹FÅ_F) det IP) (¹der_F) IU) ‘du kan få det på den staden’ mot ((du kan (¹FÅ_F) IP) (det (¹der_F) IU) ‘det kan du få’, med høg *det* i den fyrste ytringa og fallande i den andre. Med meg sjølv som informant (og *det* gjort


om til *ditta* fordi det er snakk om noko som er synleg for talaren; samstundes vart *der* gjort fokalt) fekk eg høg *ditta* i den fyrste tydinga og stigande i den andre. Foreldra mine, som begge er sunnmøringar og bur der, meinte konsekvent det motsette, men tykte likevel at begge intoneringane var tvitydige.

Borthen nytta eit minimalt par med ein fokusoperator *til og med*, som etter teorien skal modifisera ein lekk i den IP-en han høyrer til: ((vi (¹OVERNATTA_F) til og med i IP) ((¹BERGEN_F) IP) IU) ‘me jamvel overnatta i Bergen’ mot ((vi (¹OVERNATTA_F) IP) (til og med i (¹BERGEN_F) IP) IU) ‘jamvel i Bergen overnatta me’, framleis med høg tone i den fyrste tydinga og fallande i den andre. Mitt sunnmørske par var *dei KØYRDE til og med til BERGEN*. Her tolka eg høg tone som modifisering av fyrste IP, stigande som modifisering av andre IP. Foreldra mine tolka derimot begge konturane som modifisering av den fyrste IP-en, og Borthen (1995:16) rapporterer om den same tendensen hjå hennar informantar.

Borthen trekkjer den slutninga at pragmatiske testar i dette tilfellet ikkje seier oss så mykje. Når ho likevel landar på den transkripsjonen som er referert, er det av pragmatisk strukturelle grunnar som eg ikkje skal koma inn på her.

Noko Borthen pga. vinklinga ikkje finn det naturleg å drøfta inngåande, er om fotekstene stavingar også kan vera IP-ekstene, og då direkte dominerte av IU-noden. Dette kunne forklåra ei ytring med skiftande kontur i anakrusen, som i (8):

(8)



I (8) er det berre det siste ordet som er fotinternt. Det fyrste streket er der konturen byrjar å stiga, det andre er der den einaste foten byrjar. Dersom den flate konturen er direkte dominert av IU-noden og den stigande av IP-noden, vert transkripsjonen: (eg hadde (vandra meg (¹VEKK_F) IP) IU). Merk at *VEKK* har ein flat kontur med berre ein låg tone, ikkje HL som me

til vanleg finn i tonem 1-føter. Dette kjem av at foten er éinstava og kjem etter ei høg fotekstern staving, jf. Abrahamsen (1995:16) og avsnitt 2.3 under. Ein fleirstava fot ville ha vore pedagogisk meir heldig; eg har valt dette dømet fordi det er autentisk.

At me har stiging berre i *vandra*, tyder at denne transisjonen ikkje er reint fonetisk. Han er avgrensa mot venstre av ei prosodisk grense, og skjer berre innanfor IP-domenet.

Dersom me *ikkje* hadde hatt stiging før *VEKK*, ville foten fått vanleg HL-kontur. H-en i ordtonen i ein einstava tonem 1-fot fell elles bort alltid etter høge og stigande foteksterne konturar, noko som gjerne tyder på ulik status for dei to høge og stigande på den eine sida og flate anakrusar på den andre sida. Sagt på ein annan måte: Dersom (8) er transkribert rett med *eg hadde* direkte under IU-noden, så vil alle flate anakrusar vera IP-eksterne; dersom foteksterne stavingar dermed må vera IP-interne for at H i ordtonen skal kunna falla bort, så vil alle høge og stigande foteksterne stavingar vera IP-interne.

2.2. Fotekstern tonalitet

For å taka ei kjapp oppsummering, så har sunnmørske F-eksterne men IP-interne stavingar ein høg eller ein stigande tone, i austnorsk er tonen høg eller fallande. Me har då avgrensa oss praktisk til IP-initial og IP-final posisjon. Etter (8) vil det vera rimeleg å tru at den sunnmørske stigande tonen kjem føre IP-initialt, og den høge IP-finalt. Dette vil høva godt med dei pragmatiske analysane som er refererte over, der den austnorske fallande tonen kjem føre IP-initialt og den høge IP-finalt. Dei fleste anakrusane vil etter min fonologiske analyse over vera IP-eksterne.

Borthen (1995) legg fram ein hypotese om at dei foteksterne stavingane er tonalt frie. Den fallande konturen i nokre slike område vert rekna som transisjon.

Ein kan ikkje rekna med systematiske veksingar mellom fonetisk H og fonetisk L utan at det samstundes ligg til grunn fonologiske tonar. Når me etter ein sunnmørsk L fraseaksent får høge foteksterne stavingar, før ein tonem 2-fot der fyrste tonen er L, så kan me ikkje rekna med at dei foteksterne stavingane er tonalt frie. Fallet, respektive stinginga, i det som eg har funne grunn til å analysera som IP-initialt, er uavhengig av kva tonelag som kjem i den fyrste foten i IP-en, altså uavhengig av om den fyrste tonen i foten er H eller L.


Det verkar såleis som om IP-noden lisensierer ein tone H finalt i begge dialektane. Denne tonen vert assosiert til alle F-eksterne stavingar som måtte finnast sist i ein IP.

IP-initialt (i alle fall i andre IP-en i ein IU) oppfører dei to dialektane seg motsett av kvarandre, sunnmørsk har ein H på den *siste* stavinga før F, medan austnorsk har ein L, heile tida uavhengig av tonelaget i foten. Hadde det vore avhengig av tonelaget, ville me heller måtta tolka det slik at den IP-initiale tonen var assosiert til den *fyrste* IP-stavinga. IP-initialt er det ikkje noka tonespreiing, og me får ein fonetisk transisjon (stiging respektive fall) frå og med starten av IP-domenet, som vist i (8).

Jamvel om me har den same dialektvariasjonen i tonevalet her som me har i

tonelagsrealiseringa, kjem det ikkje på tale å analysere den IP-initiale tonen som del av tonelaget, slik t.d. Lorentz (1984) og Riad (1996) gjer. Dei ser på tonem 1 som tonalt identisk med tonem 2, berre at i tonem 1 vert ikkje den fyrste tonen assosiert anna enn i eventuelle trykklette stavingar føre den aksentuerte (m.a.o. anna enn i anakrusar). Men anakrusar finst det som me ser to slag av. IU-dominert anakruse er tydeleg tonalt fri (jf. (8)), medan IP-dominert anakruse har same status som andre IP-initiale F-eksterne stavingar, og har ein tone der same kor mange tonar (1 eller 2, avhengig av tonem) som måtte koma fremst i F.

(9) viser tonelicensieringa og assosieringslinene. Der det står H/L, er valet dialektavhengig.



2.3. OCP på grensa mellom IP og F

Det obligatoriske konturprinsippet har vorte tolka på mange måtar (Goldsmith 1990:309ff). Sams for dei fleste er likevel ideen om at to identiske trekk like etter kvarandre på eit gjeve autosegmentalt plan vil verta slegne saman før assosieringane. Eg vil visa korleis dette kan forklåra eit fenomen på grensa mellom IP og F i sunnmørsk.






Om (8) vart det kommentert at ordet *VEKK* utgjer ein fot, men at H i denne einstava tonem 1-foten fell bort, slik at me stend att berre med frasetonen L. Nærare skildra kan ein formulera det slik: I ein einstava tonem 1-fot vil me missa ordtonen H dersom foten kjem like etter ei høg (dvs. IP-intern) fotekstern staving. Dette er uavhengig av kva IP-stavinga er i, altså om ho er i slutten av den fyrste IP-en eller i byrjinga av den andre. Om foten har minst to stavingar, eller om han er ein tonem 2-fot, så vil alle tonane vera på plass.

Det finst uavhengig evidens for slike føter med berre frasetone: Dei kan gjerne vera fokale og IU-finale, slik at me kan få grensetonen H%, som berre kjem føre etter ein final fokal fot.

Tonem 1 gjev ein F-initial H, tonem 2 ein F-initial L. Ved tonem 1 vil me då etter OCP kunna¹ få ei samanslåing av den IP-lisensierte H og ordtone-H. I døma (10)–(14) nyttar eg føter med éi og to stavingar. I dei tostava (eventuelt fleirstava) føtene kan frasetonen L spreia seg til den fyrste stavinga, men treng det ikkje. Eg har ikkje funne ut om det er noko som styrer dette. Eg har i døma teikna inn OCP-samanslåinga av H-tonane, og har markert med indeksar kva node i det prosodiske hierarkiet som lisensierer dei.

(10)

¹Eg tek dette prinsipielle atterhaldet fordi aktivering av OCP vil kunna vera avhengig av domenetilhøyrslø. I dette spesifikke tilfellet kan eit aktivt OCP forklåra mykje, som me skal sjå.



Observasjonane i (10)–(13) kan me forstå slik: I ein fot er det berre éi staving som kan ha tonen H. Dersom denne stavinga allereie er garantert å verta assosiert med ein tone (dvs. fraseaksenten L), vil ein H som allereie er sikra å verta assosiert til ei staving, ikkje verta assosiert til denne fotinterne stavinga. Om me reknar med at fraseaksenten vert primært assosiert til den siste stavinga i foten, for så å spreia seg til stavingane mellom ordtonen og frasetonen, så vil ei fotintern staving i praksis berre vera garantert ein annan tone enn ordtonen dersom ho er den

siste stavinga i foten.¹

I ein fot på éi staving er denne eine stavinga den siste stavinga i foten, og ho er dermed garantert ein frasetone L. Sidan H ikkje står i fare for å verta flytande (han vert jo assosiert til dei foteksterne stavingane), vert han ikkje assosiert til stavinga i foten. I døma har eg teikna ei broten assosiasjonsline; meir formelt skulle den brotne lina ikkje ha vore der i det heile teke.

Ved vanleg IP-ekstern anakruse vert H alltid assosiert til stavinga i foten. Det som skil stavingar under IU-noden og stavingar under IP-noden, er, som me såg i 2.1, at dei IP-dominerte har ein tone H som hine ikkje har.

Dersom det ikkje finst foteksterne stavingar som skal ha ein H, så vil H ikkje verta flytande, men framleis assosiera seg til det tilgjengelege segmentale materialet, og me får HL inne i foten, som i (14), der me har ein vanleg IP-ekstern anakruse (til skilnad frå (8)). Me vil sjølvsagt få den same HL inne i foten utan anakruse. Det ville me òg ha fått i alle døma (10)–(13) dersom me ikkje rekna med OCP.

Denne analysen tyder på at fraseaksenten vert tilordna før ordtonen, eller i alle fall at omfanget av foten² til ein viss grad ligg til grunn før ordtonen vert assosiert. Dette treng likevel ikkje tyda at det er frasetonen som er hovudet i foten (til skilnad frå ordtonen, som postulert i Trondheimsmodellen). Det seier berre noko om direksjonaliteten i assosieringsprosessane. Ettersom både ordtone og frasetone framleis vert rekna som obligatoriske einingar i den djupstrukturete foten, kan me like gjerne rekna med eit sirkumfigert tonalt hovud.

2.4. Tonar mot segment

Formuleringa i (15) vart høyrd på radioen. I (16) er eit utdrag av formuleringa innlesen av ein søraustlending, konturen er skanna frå Borthen, Fretheim og Nilsen (1996) (heretter omtala som BFN). Etter drøftingane i 2.1 skal flate anakrusar truleg vera IP-eksterne; eg transkriberer anakrusane slik her. (17) er ordet *holdningen* frå ein identisk sekvens innlesen av ein annan søraustlending.

- (15) (den ((¹typiske_F) (¹de-en_F) (¹TE_F) IP) IU) L%
(den ((²norske-tu_F) (¹RISTFORENING_F) IP) IU) H%
-*HOLDNINGEN* (¹er-nok-et_F) (¹typisk_F) (¹byfenomen_F) IU) L%


¹I Abrahamsen (1995) kommenterte eg at alle stavingane i ein sunnmørsk fot er tonalt bundne, og at det difor ville vera prinsipielt vanskeleg å seia at frasetonen var primært knytt til den siste stavinga i foten med spreining mot venstre. Det vart nemnt at ein òg kunne analysera den fotfinale L som del av den same prosodiske eininga som tonelaget. Analysen eg presenterer no, talar for at frasetonen på sunnmørsk som i austnorsk er knytt til den siste stavinga i foten.

²Frasetonen avgrensar foten mot høgre.

(16)



(17)



Den fyrste lina i (15) inneheld fyrste delen av eit samansett ord, *DNT-holdningen*. Dette samansette ordet vert avbrote etter den fyrste samansetjingslekken, og me får apposisjonen i andre lina, som fortel oss kva avstytinga «DNT» tyder. Både den fyrste og den andre lina er eigne IU-ar.

Eg har ikkje transkribert byrjinga av den siste lina i (15): *HOLDNINGEN*. Dette ordet har eg berre skrive med store bokstavar fordi det vert uttala med fokal fraseaksent. Eg har sett bindestrek fyrst i ordet fordi det er den andre delen av det samansette ordet *DNT-holdningen*. Dei tre stavingane *holdningen* høyrer ut som halen på ein fot. Dei tre føtene til slutt deklinerer postfokalt etter vanleg austnorsk mønster.


BFN analyserer *holdningen* som ugrammatisk bruk av tonem 1 for å få ein kontur som liknar mest mogeleg halen på ein fot.

2.4.1. Ein vågal analyse

Pragmatisk sett kan ein seia at *holdningen* vert intonert på ein stigande tone for å etterlikna mønsteret til halar i austnorske tonale føter, der me har ei interpolerande stiging frå ein L tone i ordaksenten og opp til ein H fraseaksent. Dette er den konturen me ville ha fått på dei tre stavingane *holdningen* i det samansette ordet *DNT-holdningen*, der *T-holdningen* ville ha vore ein eigen fot.

Kva er då *holdningen* i dette konkrete dømet? Er det ein eigen fot, eller er det ein del av ein fot? Dersom det er ein eigen fot, har me (som BFN hevdar) å gjera med ein tonem 1-fot, sidan me byrjar på ein låg tone.

Ein fot som (¹HOLDNINGEN_F) ville helst ha vorte realisert med flat fyrstestaving, eller i det minste er dette mogeleg, som i (18). Når det ikkje er nokon slik flat kontur i denne konkrete realiseringa av *holdningen* i (16) og (17), og når den låge tonen i *hold-* er høgre enn ein skulle venta ved tonem 1, så vert dette forklåra pragmatisk og dermed nærast teleologisk av BFN med at «the point is to make the last three syllables sound like the unaccented tail of a word-tone 1 F», fordi ein vil «make the listener erase from memory any possible auditory impression that the syllable [t^he:] before the apposition was produced with a rise-fall melody, and to reconstruct mentally a flat, low tone level for [t^he:]». For ordens skuld: Konturen er etter BFN framleis slik at han «does stay within the accepted norm» for austnorske tonem 1-føter.



Eg vil likevel leggja til grunn for den fylgjande prinsipielle drøftinga at me ikkje har med noka tonelagsrealisering å gjera. Den fyrste stavinga i (17) er stutt, dvs. trykklett (ut ifrå ein definisjon av trykk uavhengig av tone), og ho skulle då ikkje kunna realisera ordaksent (i motsetnad til (18)).

Målet mitt vil vera å analysera fonologisk det som faktisk skjer under produksjonen av det førekomne mønsteret, same om ein pragmatisk kan analysera det med ei finalistisk forklåring.

At stavingane i ein austnorsk fot ikkje er spesifiserte for tone anna enn fremst og attast, gjer det framleis mogeleg å insistera på at det er snakk om ein restriksjon på tonem 1 i nett denne pragmatisk definerte situasjonen. Ei samanlikning med sunnmørsk styrkjer derimot hypotesen om at me ikkje har tonelagsrealisering; der er nemleg alle stavingane i foten tonalt spesifiserte. I sunnmørsk vil eit tilsvarende *-haldninga* få ein jamn låg tone, dvs. berre fraseaksent, og ikkje ordaksent. Ein føresetnad for denne styrkinga av hypotesen er eit postulat om like strukturar for dei to dialektane.


Ein hypotese kunne då vera at me har å gjera med ein fullverdig tonal fot der det *segmentale* materialet som høyrer til fyrste delen av samansetjinga, er fjerna av pragmatiske årsaker, samstundes som det *tonale* materialet heng att. Hadde ikkje det segmentale materialet vorte stroke, ville me fått ein konstruksjon som: *Den typiske DNT. Den norske turistforening. DNT-holdningen...*

Om det er slik at det tonale materialet heng igjen jamvel om det segmentale er borte, så tyder det at me i det austnorske dømet har å gjera med ein flytande L fremst i foten. Foten skulle ha vore (¹TE-holdningen _F), men det segmentale materialet til *TE* vart stroke, slik at tonen L ikkje hadde noko å verta assosiert til. At tonen likevel er der, ser me på at startpunktet for intonasjonskonturen i denne foten er lågt, dvs. at det må liggja eit lågt tonalt element mellom *holdningen* og den *høge* grensetonen me finn like før. Flytande (ikkje-assosierte) tonar kan gjerne påverka det tonale mønsteret elles (sjå *downstep*, Roca 1994:264). At L her flyt og ikkje er assosiert, kan òg forklåra at *holdningen* ikkje har flat låg fyrstestaving i dette tilfellet. I eit parallelt tilfelle *med* flat fyrstestaving måtte me analysera det annleis.

Denne analysen byggjer på at det prosodiske hierarkiet skal definerast reint tonalt. Rett nok er det snakk om eit domenehierarki, som drøft over, der fordelinga av tonar på segment er sentralt. Men samstundes må hierarkiet fanga opp dei tonane som ikkje vert assosierte. Eit poeng er då at den tonale foten nettopp er tonal: Tonane vil vera dei same, anten den eine av dei vert assosiert til segment eller ikkje.

Figuren i (19) viser den autosegmentale representasjonen for den fyrste delen av IU-en (((¹Ø-holdningen _F) IP) (¹er-nok-et _F) (¹typisk _F) (¹byfenomen _F) IU) L%.

(19)



Når me ser på (19), må me hugsa at stavingsnivået i hierarkiet har med *domene* å gjera. Den tonale foten har altså framleis ordtone, men domenet til foten femner om strokne segmentale element, som då likevel har ein kognitiv representasjon. (Og fordi det er snakk om kognitiv representasjon, kan me her føra opp ein null på segmentplanet, i motsetnad til ved vanleg pause eller stille.)

2.4.2. Innendingar og føremoner ved analysen


Det kan vera store fonetiske variasjonar både i segmental kvantitet og i konturen til fyrstestavinga i ein austnorsk tonem 1-fot. Det skulle då ikkje vera noko i vegen for likevel å rekna (17) som ein tonem 1-fot med L assosiert til fyrste stavinga, som er BFN sin analyse.

Verre er det med den tilsvarende sunnmørske intonasjonsfraseringa, med tre låge stavingar. Dersom me parallelt ikkje har med ein flytande H å gjera der, så kan det ikkje vera nokon fot i det heile.

Analysen i 2.4.1 hadde den føremonen at han var dialektuavhengig. Skal (17) analyserast som ein vanleg tonem 1-fot, kan me ikkje gjera det same for sunnmørsk. Ein må der heller rekna med ein anakruse:

(20) (haldninga (¹er-nok-eit_F) (¹typisk_F) (¹byfenomen_F) IU) L%

No har det seg likevel slik at me på sunnmørsk godt kan avslutta ein talesekvens med ein reparasjon som skal sjå ut som halen på ein fot. Me kan altså avslutta med *haldninga* på tre låge stavingar. Og dette kan ein gjera med ein H% grensetone etter, slik at den siste stavinga stig, som i (21). For å få H% i sunnmørsk må me avslutta IU-en med ein fokal fot. Men dersom me analyserer *haldninga* som anakruse, så har me ikkje nokon fot (og endå mindre ein *fokal* fot), og me får (22), som skulle vera ugrammatisk.



(22) *(haldninga IU) H%

Stavingane i (21), (22) skulle vera tonalt frie, med unnatak av H% på den siste stavinga, som ville ha vorte høg, gjerne med eit stigande transisjonsområde heilt frå fyrste stavinga av, om ikkje alle stavingane ville ha vorte høge. Men her er det altså berre siste stavinga som får ei *stiging*, og stiginga innom denne eine stavinga tyder at ho er bunden av *to* tonar, L og H.

Ein kunne då seia at dette er eit tilfelle av at talaren bryt grammatikken for å oppnå visse pragmatiske effektar. Det er snakk om ei *etterlikning* av eit gjeve tonalt mønster.

Fonologisk sett er det likevel tvilsamt om ein kan snakka om «etterlikning» av eit tonalt mønster. Ein kan ikkje etterlikna eit trekk som [+stemt] utan at ein også produserer det; og produserer ein det, ja så finst det der. På same vis kan ein ikkje etterlikna dei *tonale* trekka [H] og [L] utan samstundes å produsera dei. Ein kan framleis seia at ein ynskjer å etterlikna halen på ein fot, og at ein difor grip til det som ligg nærast (nemleg tonem 1 i austnorsk), men dette kan ikkje seiast om det sunnmørske dømet i (21). Og i den grad ein vil etterlikna noko, så vil det framleis vera eit spørsmål korleis dei faktiske tonane vert produserte og assosierte, altså korleis

ein skal analysera fonologisk den faktiske realiseringa av reparasjonskonstruksjonen.

BFN ser på (17) som ugrammatisk bruk av tonem 1. Eit naturleg spørsmål då er kvifor ein ikkje like gjerne kan sjå på det som ugrammatisk bruk av noko anna, t.d. ein ugrammatisk måte å laga hale på ein fot på.

I min analyse måtte me då skifta «ugrammatisk» ut med «markert».

Eg vil ikkje taka på meg å trekkja nokon konklusjon or dette.

3. Sluttord

Eg har sett nærare på det prosodiske hierarkiet, drøft den fonologiske statusen til det, og gjennom den drøftinga presisert kva eit domenehierarki er.

Med utgangspunkt i plasseringa av foteksterne stavingar i hierarkiet har eg presentert ein ny analyse av anakrusar som bryt med det tradisjonelle pragmatisk funderte IP-omgrepet i Trondheimsmodellen, utan at det skulle ha større konsekvensar enn at pragmatikarane må justera litt på nokre smådetaljar i grensesnittet mellom fonologi og pragmatikk.

Eg har òg analysert dei tonale forholda i foteksterne stavingar, og argumentert for eit verksamt OCP.

Til slutt har eg argumentert for at det finst tonale strukturar sjølv i reparasjonskonstruksjonar. Dette har eg gjort ved å skilja eksplisitt mellom fonologi og pragmatikk, ved å hevda autonomi for dei ulike autosegmentale plana (utan at dét i seg sjølv skulle vera noko nytt), og ved å insistera på at jamvel fonologiske «ellipsar» har sin plass i den fonologiske struktureringa. Eg har likevel ikkje vilja trekkja nokon endeleg konklusjon av drøftinga.

Litteraturliste

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø 1995. *Nokre merknader til sunnmørsk intonasjon*. (Uprenta semesteroppgåve.) Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Borthen, Kaja 1995. *Foteksterne stavelser i østnorsk intonasjon*. (Uprenta semesteroppgåve.) Lingvistisk institutt, Universitetet i Trondheim.
- Borthen, Kaja, Thorstein Fretheim og Randi A. Nilsen 1996. «Center-Embedded Intonation Units vs. Interpretive Intonation.» (Manuskript.)
- Fretheim, Thorstein 1990. «The Form and Function of Foot-External Syllables in Norwegian Intonation.» I: Wiik, K. og I. Raimo (red.): *Nordic Prosody III*. Turku: Painosalama. 87–110.
- Goldsmith, John A. 1990. *Autosegmental and Metrical Phonology*. Oxford–Cambridge: Basil Blackwell.
- Hayes, Bruce 1989a. «The Prosodic Hierarchy in Meter.» I: P. Kiparsky og G. Youmans (red.): *Rhythm and Meter*. Orlando: Academic Press. 201–260.
- Hayes, Bruce 1989b. «Compensatory Lengthening in Moraic Phonology.» I: *Linguistic Inquiry* 20. 253–306.
- Kristoffersen, Gjert 1995. «Intonasjon i interaksjon – sentrale spørsmål i norsk intonologi. Doktordisputas ved Universitetet i Trondheim/AVH, 22. mai 1993. Første opponent.» I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1, 1995. 91–105.
- Lorentz, Ove 1984. «Stress and tone in an accent language.» I: Claes-Christian Elert, Iréne Johansson og Eva Strangert (red.): *Nordic Prosody III*. Universitetet i Umeå. 165–178.
- Nespor, Marina og Irene Vogel 1982. «Prosodic Domains of External Sandhi Rules.» I: H. van der Hulst og N. Smith (red.): *The Structure of Phonological Representations (Part I)*. Dordrecht: Foris. 225–255.
- Nespor, Marina og Irene Vogel 1986. *Prosodic Phonology*. Dordrecht: Foris.
- Nilsen, Randi A. 1992. *Intonasjon i interaksjon. Sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Dr. art.-avhandling. Universitetet i Trondheim.
- Nilsen, Randi A. 1995. «Intonasjon i interaksjon – sentrale spørsmål i norsk intonologi. Doktordisputas ved Universitetet i Trondheim/AVH, 22. mai 1993. Svar frå doktoranden.» I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1, 1995. 111–122.

- Pierrehumbert, Janet og Mary Beckman 1988. *Japanese Tone Structure*. Cambridge: MIT Press.
- Pulleyblank, D. 1983. *Tone in Lexical Phonology*. Doktoravhandling, MIT. Utgjeven 1987 av Reidel, Dordrecht.
- Riad, Tomas 1996. «Remarks on the Scandinavian accent typology.» Støtteark til foredrag på *Workshop on Comparative Germanic Prosody*, Universitetet i Tromsø, 22.–23. mars 1996.
- Roca, Iggy 1994. *Generative Phonology*. London – New York: Routledge.
- Selkirk, Elisabeth O. 1981. «On Prosodic Structure and its Relation to Syntactic Structure.» Thorstein Fretheim (red.): *Nordic Prosody II*. Trondheim: Tapir. 111–140.
- Selkirk, Elisabeth O. 1984. *Phonology and Syntax. The Relationship between Sound and Structure*. Cambridge, MA: MIT Press.
- Selkirk, Elisabeth O. 1990. «On the Nature of Prosodic Constituency.» I: J. Kingston og M.E. Beckman (red.): *Papers in Laboratory Phonology*, vol. I. Cambridge: Cambridge University Press. 125–157.